



MF Frøya i 2008.(Foto: Uwe Jakob)

Nyleg hadde vi eit innlegg om ferja FEDJE, bygd på Eidsvik skipsbyggeri i 1970. Vi kom til skriva at det var den einaste ferja Eidsvik bygde. Det er ikkje rett.

Ein vaken lesar påpeikar at ferja FRØYA vart bygd to år etter, i 1972, som ein kombinert passasjer og bilførande båt.

MF FRØYA, bygd for Fosen Trafikklag, var sertifisert for 70 passasjerar og 4 personbilar. Det var ingen gjennomkøyring og på mange måtar kan vi samanlikna FRØYA med HSD sin båt HALSNØY. MF HALSNØY opna ferjesambandet over Bjørnefjorden 1. juni 1957

FRØYA gjekk i lokalrutebart i Trøndelag fram til 1991. Maskinen var ein Wichmann Diesel 276 kW. Etter nokre år i opplag, vart det ny bruk for fartyet i Lofoten.

Eigar i dag er Sjøteknikk AS i Stamsund.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland